

Bok på 1-2-3

Grashoppa og moldvarpen

Av Janosch


Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinn i norsk og musikk, med tema folkehelse og livsmeistring.

Klassikarar i Bok på 1-2-3: Barnebokskaparen Janosch har gitt oss fantastiske, varme forteljingar med sjarmerande og fargeglade bilete. Desse forteljingane vil vi gjerne gi vidare til nye generasjonar i begynnaropplæringa.

Dette er forteljinga om då grashoppa trong ly for vinteren.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.
https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015061808025
- Analoge skrivesaker og teiknesaker og/eller nettbrett.
- Tid og rom til songdans og leik.



Formål

Norsk

- lese og lytte til forteljingar og songtekstar på nynorsk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven
- utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skrivning, leik, bevegelse og andre kreative uttrykk

Musikk

- utøve og utforske eit repertoar av songar og dansar frå ulike musikkulturar
- samtale om og reflektere over korleis musikk skaper stemning når han blir brukt i ulike sosiale samanhengar



1 Før lesing

(10 minutt)

Anslag: Luft ut, og tenn gjerne lys så det er hyggeleg i klasserommet. Gjer så klar boka om grashoppa og moldvarpen på storskjerm. Møt elevane utanfor klasserommet, og gå inn til pultane medan «Dans Dans Dans» av Odd Nordstoga vert spelt passe lågt som estetisk anslag, og vert fada ut. Stå ved pultane og pust inn, ut, rist på lemmene som sprellemenn, sukk, gjesp og sei aaaaah! før de sig ned på stolane dykkar.

Fortel til elevane: Sommaren er over og det vert kaldare tider. Sommaren sin song, dans og spel skal pakkast inn i varme teppe og kakao/te. No skal de få høyre den tidlause og klassiske forteljinga om då den spelande grashoppa trong ly og varme for vinteren.

2 Lesing

(20 minutt)

Læraren les høgt, og de opplever boka saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksame på kor borna opplever høgdepunkt i lesinga. Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa.

Samtale under lesinga:

- Side 10 (etter «Du godeste, så kaldt det var»): Kva fordelar og ulemper er det med at grashoppa brukte sommaren sin på å spele?
- Side 19: Kva synest du om hornbilla og musa? Synest du dei var snille mot grashoppa?
- Kvifor trur du dei gjorde som dei gjorde? Kva anna kunne dei ha gjort?
- Side 35: Kva synest du om moldvarpen?
- Kva gleder og fordelar opplevde grashoppa og moldvarpen ved å overvintre saman?
- Kva kan vi lære av forteljinga om grashoppa og moldvarpen?

3 Etter lesinga

(30 minutt +)

Skriving

Kva er den enklaste og beste matoppskrifta du veit om hausten og vinteren? Ha gjerne ei idémyldring om kva oppskrift dette kan vere (frukost, lunsj, middag, dessert, kveldsmat, drikke). Skriv ned oppskrifta på nynorsk.

Er det nokon ord som er annleis enn det eleven brukar i dialekt, førstespråk eller på bokmål? Her passar det å gjere enkel kontrastiv undervisning (å samanlikne språk).

Illustrer oppskrifta ved å teikne måltidet.

Konkretiser og forklar nye ord og omgrep (ei teskei, ein desiliter, ein kjele, ...).

Idé: Lag ei oppskriftsbok som klassen kan dele med kvarandre. Book Creator kan brukast digitalt.

Lag og smak gjerne på ei oppskrift eller to!

Aktivitet

Medan vi ventar på ein ny sommar, så songdansar og leiker vi!

Vi skal danse over berg og bakka (Folkepedia.no)

Vi skal danse over berg og bakka,
Slite ut både sko og sokka

Hei hopp min søte sokkertopp
Vi skal danse te sola stiger opp

Hei hopp min skjønn
Vi ska danse i det grønne.

Avslutning: «Dans Dans Dans» av Odd Nordstoga vert spelt som utgang når vi avsluttar og går ut i friminutt og endå meir leik. Tjohei!

